



Aleksander Rebaudo - klar for turen til Guatemala. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag føremiddag startar ein seksmannsdelegasjon frå Kvinnherad den lange reisa i til Guatemala via Panama og dei kjem ikkje att før laurdag 6. mars. Uskedelingen og KVV-eleven Aleksander Rebaudo (16) er med på turen fordi ei jente som var utpeika måtte trekkja seg.

Vitjinga skal styrkja eit allereie godt etablert samarbeid mellom Kvinnherad-skulen og vennskapsskulen i San Lucas Toliman, som heiter Instituto Mixto Santa Cruz Quixaya. Det er ein kombinert ungdomsskule og vidaregåande skule.

Lærarane Magne Fitjar og Karen Bogsnes er reiseleiurarar og elevkvartetten består av Aleksander, Sindre Ullmann (18), Ane Mogren (18) og Preben Dale Heimstad (19).

Det er sjette gongen Magne Fitjar dreg til Guatemala og han ventar seg mykje også av denne turen.

- Kulturelt samarbeid som dette bidrar til utvikling, seier Fitjar og legg til at kunnskap og forståing er nøkkelord i denne samanhengen. At dette er eit tosidig prosjekt er også viktig.

Aleksander er sidan i fjor haust medlem av aksjonsgruppa. Han går i første klasse på studiespesialisering og hadde egentleg ikkje venta å få ein tur til Guatemala før i tredje klasse. Aleksander er desto gladare over å få reisa allereie no. Han er ein aktiv og allsidig elev og mellom anna leiar av ungdommens kommunestyre.

Av Ola Matti Mathisen